



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vår dato: 29.10.2022
Vår ref: 2022/14459

Dykkar dato: 25.10.2022
Dykkar ref: 2022/7553

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgnen, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 204/2 - Sandvik og 205/1 - Hakseter

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 5 på gnr. 204 bnr. 2 og gnr. 205 bnr. 1 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 300 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at vegen vil gje tilgang til totalt 150 dekar og det er opplyst å gje tilgang til 1500 kubikk med hogstmoden skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent skogbruk, totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 3-1, jf. § 1-1.*

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen»*

I slike høyringssaker går vi ikke detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganleggget. Vi har også vurdert landbruksinteresser. Gnr. 207 bnr. 3 må eventuelt få høve til å kjøpe eller leige seg inn for å drive skogen i Storbotnen på andre sida av nabogrensa nord for enden av vegen. Utover dette har vi ingen merknader til dette veganleggget.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Martin Søgnen
rådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent